


TERMPOSTEN

Nr. 2
desember 2018

SPRÅKRÅDETS NYHEITSBREV
OM TERMINOLOGI

INNHALD:

<u>Redaksjonens vindauge</u>	2
<u>Sidan sist</u>	2
<u>Nyheiter</u>	3
<u>Visste du at? Om felles omgrepskatalog</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Marit Torseth</u>	4
<u>Aktuell term: <i>algoritme</i></u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: <i>Alports syndrom</i> eller <i>Alport syndrom</i>?</u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: Ny betegnelse på <i>bensinstasjon</i></u>	5
<u>Smakebitar frå termbasar</u>	5
<u>Nokre komande arrangement</u>	6



Redaksjonens vindauge

Dette er siste gongen Termposten kjem i dette formatet. Neste utgåve vil vere universelt utforma. Nøyaktig korleis «nye Termposten» vil sjå ut, er ikkje heilt klart enno.

2018 har vore eit travelt år. I dette året har terminologi og fagspråk blitt løfta fram. Det har vore eit ordskifte i universitets- og høgskolesektoren om statusen til norsk fagspråk andsynes engelsk, og i haust arrangerte Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet ein fagspråkskonferanse, som de kan lese meir om under «Sidan sist» nedanfor.

I staten arbeider fleire etatar med felles omgrepskatalog i samband med felles datakatalog og digitaliseringa av offentlege tenester. Også her blir det arbeid mykje med omgrepsarbeid og terminologi.

De kan òg glede dykk til Nordterm 2019 i København i juni.



Vi ønskjer alle ei riktig god jul og eit godt nytt år!

Sidan sist

Terminologikurs

Språkrådet og fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning held eit årleg grunnkurs i terminologiarbeid og terminologisk metode. I år var kurset den 22. november i Oslo. Kurset var fullteikna med 25 deltakarar. Kurshaldarar var Håvard Hjulstad og Marita Kristiansen frå fagrådet og Marianne Aasgaard frå Språkrådet.

Felleskonferanse om fagspråk i høgare utdanning

14. november arrangerte Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet ein felles konferanse om fagspråk i høgare utdanning. Konferansen vart opna av ministeren for forskning og høgare utdanning og kulturministeren, som òg oppsummerte til slutt. Forsking- og høgare utdanningsministeren sa mellom anna at departementet ville bruke tildelingsbrev til å be universiteta og høgskolane

om å følgje utviklinga av norsk som fagspråk «særleg tett», sånn at dei kan vurdere om det trengst tiltak. [Du kan sjå heile konferansen i opptak her.](#)

EAFT-konferanse

EAFT-konferansen vart i år arrangert i San Sebastián 22.–23. november. Uzei, det baskiske senteret for terminologi og leksikografi, var vertskap. Tema i år var arbeid med kvalitet i danning, forvaltning og måling av terminologi. Temaet vart drøfta av lokale innleggshaldarar og av terminologar frå ei rekkje land, m.a. Irland, Litauen, Frankrike, Slovenia, Tyskland og Sverige.

Jessica Mariani vann prisen for beste doktoravhandling om terminologi i år. [Avhandlinga tok for seg omsetjing av migrasjonsterminologi i EU.](#)

EAFTs generalforsamling vart halden 22. november etter kon-

feranseprogrammet. Generalforsamlinga diskuterte m.a. overtaking av forskingsgruppa IITF, som tidlegare var aktiv på terminologiområdet. Irland vart presentert som aktuell kandidat til neste konferansestad.

Arrangement om språkteknologi

I november var det to arrangement på Nasjonalbiblioteket om språkteknologi. Det første var ein konferanse om deling av språkdata: Fleire offentlege aktørar sit på språkdata utan å vere klar over det. Språkdataa kan mellom anna nyttast til å utvikle språkteknologiske tenester som samtalerobotar og automatisk omsetjing. Det var om lag 100 deltakarar på konferansen.

Automatisk omsetjing var òg temaet i ein workshop om arbeidet med automatisk omsetjing i EU.

Nyheiter

Nye forvaltningsstandardar

I januar vil det kome ein [ny versjon av Forvaltningsstandard for omgrepsbeskrivingar](#). Standarden beskriver obligatoriske og valfrie data og strukturen deira.

To heilt nye standardar for maskinell tilgjengeleggjering av omgrepsbeskrivingane (TBX og SKOS) vil også kome.

I januar vil Språkrådet og Difi byrje arbeidet med å revidere *Standard for omgrepskoordinering*.

Nordterm 2019

11.–14. juni 2019 arrangeres Nordterm-konferansen i København i Danmark.

Tema for konferansen er *terminologiens rolle i språkteknologiske applikasjoner som samtaleroboter og maskinoversettelse*. Frist for innlevering av sammendrag til foredrag er 15. februar 2019.

Se www.cst.ku.dk/arrangementer/nordterm-2019 for mer informasjon.

Automatisk omsetjing

EU-kommisjonen utviklar ei rekkje felleseuropeiske, digitale verktøy, m.a. [eTranslation](#), ei teneste for automatisk omsetjing mellom EU-språka i tillegg til norsk og islandsk. [Tenesta er no fritt tilgjengeleg for offentleg tilsette](#) gjennom ei nettside, men kan også byggjast inn i og vidareutviklast i andre program og tenester. I dag er det berre tekstar på bokmål som kan omsetjast, men tenesta vil i framtida inkludere nynorsk òg.

Rapport fra Språkrådets framtidsutvalg

I november i år overleverte Språkrådets framtidsutvalg rapporten *Språk i Norge – språk som kultur og infrastruktur* til kulturministeren. I denne rapporten peker utvalget på seks områder der utvalget mener at det mangler en språkpolitikk, eller at den gjeldende språkpolitikken ikke fungerer godt nok og bør oppdateres.

Hele rapporten ligger på www.spraknorge.no.

Samarbeid med DigitalNorway – toppindustrisenteret

I vinter innledet Språkrådet og DigitalNorway et samarbeid for å sikre godt norsk språk på arbeidsområdene til DigitalNorway, det vil si i skjæringspunktet mellom digitalisering, teknologi og forretningsforståelse.

[DigitalNorway arbeider for digitalisering av norsk næringsliv](#) og utvikler og sprer digital kompetanse på tvers av bransjer og bedrifter.

Ny handbok i fagspråk

Tidlegare i år gav forlaget De Gruyter ut [Languages for Special Purposes. An International Handbook](#). Boka tek for seg fagspråk innan ulike domene, språksamfunn og sjangrar og inneheld fleire bidrag frå nordiske land, mellom anna eit om norsk fagspråk (Andersen og Myking) og eit om økonomisk fagspråk (Simonnæs og Kristiansen).

Visste du at? Om *Felles omgrepskatalog*

No ber arbeidet med informasjonsforvaltning i offentlig sektor frukter for alle som er interesserte i terminologi!

Før jul lanserte Brønnøysundregistra betaversjonen av ein såkalla [felles omgrepskatalog for det offentlege](#). Det er ein termbaseportal som skal gjere det mogleg å søkje i termar og definisjonar frå ei rekkje offentlege organisasjonar.

I dag finn du termar og definisjonar frå Brønnøysundregistra i felles omgrepskatalog, t.d. *organi-*

sasjonsnummer, nedkwittering og pantedokument. Innhausting av omgrep i sanntid frå lokale omgrepskatalogar hos Nav, skatteetaten, Lånekassa og andre vil kome i gang i vinter.

Felles omgrepskatalog vert etter planane vidareutvikla i løpet av 2019.

Felles omgrepskatalog inngår i ein meir omfattande ressurs som også inkluderer felles datakatalog med opne data og felles katalog for programmeringsgrensesnitt (API-katalog).



På kornet – portrettintervju med Marit Torseth

Marit Torseth jobber med informasjonsforvaltning i Brønnøysundregistrene.

Hva er det beste med jobben din?

Jeg er utrolig heldig som får jobbe med fremoverlente, modige og veldig kunnskapsrike kolleger. Miljøet jeg er en del av, samarbeider mye med virksomheter på tvers av offentlig og privat sektor. Vi setter oss høye mål og får til så mye bra når vi samarbeider med andre.

Hvilken utdanning har du etter videregående skole?

Jeg har en master i forvaltningsinformatikk fra UiO.

Hva var favorittfaget ditt på barneskolen?

Engelsk var favorittfaget mitt. Jeg var også veldig glad i gym!

Hvorfor er arbeid med terminologi viktig?

Det er viktig i så mange sammenhenger. Offentlig sektor skal kommunisere med innbyggere og næringsliv om rettigheter og plikter. Da er det alfa og omega at man har jobbet godt med terminologi både underveis og i etterkant av lovgivningsprosessen, ikke minst i virksomhetene som skal praktisere regelverket.

Om du kunne velge et annet yrke, hvilket og hvorfor?

Jeg er utrolig glad for at jeg valgte å studere forvaltningsinformatikk, som har gitt meg tverrfaglig kompetanse innenfor jus, samfunnsfag og informatikk. For femten år siden



ville jeg bli jurist og deretter advokat. Jeg var og er veldig opptatt av rettferdighet, og *Matlock* var en av yndlingsseriene mine som barn.

Hva leser du helst på fritida?

Jeg leser alt jeg kommer over. På ferie er det ofte krim, mens i hverdagen forsøker jeg å lære meg noe nytt hver dag. På vei til jobb leser jeg artikler om fagområder, nyvinninger og teknologier jeg ikke kjenner fra før.

Hva er din favoritterm?

Ubuntu. Det er en term som kommer fra bantuspråket i Sør-Afrika og betegner noe a la 'troen på at vi defineres av vår omsorg og medfølelse for andre'. Det synes jeg er fint. *Ubuntu* betegner et åpen kildeoperativsystem som jeg ble kjent med i studietiden.

Aktuell term: *algoritme*

Opphavet til ordet *algoritme* ligg i etternavnet til ein matematikar.

Maskinomsetjing og sjølvkøyrande bilar byggjer på algoritmar. Skatteutrekning og salsforslag i nettbutikkar byggjer på algoritmar. Med andre ord: Vi er blitt avhengige av algoritmar.

Ein algoritme er kort sagt ein rekneregul eller fast framgangsmåte for å løyse problem. Algoritme er dimes det motsette av heuristisk oppgåveløysing, som inneber forsøk, vurdering og skjøn, [ifølgje Store norske leksikon](#).

Ordet *algoritme* (mellomalderlatin *algorismus*) er ei forvansking av namnet al-Khwarizmi under påverknad av ordet *aritmetikk*, frå *arithmós*, det greske ordet for tal. [Store norske leksikon](#) skriv at Muhammad ibn Musa al-Khwarizmi var ein matematikar som arbeidde i Bagdad på 800-talet. Mest

kjend var han for arbeidet med algebra.

Al-Khwarizmi skreiv ei bok som på ellevehundretalet vart utgjeven på latin med tittelen *Liber Algorismi de numero Indorum* 'Boka til al-Khwarizmi om indiske tal'. Ordet *algoritme* har difor òg vist til rekning med indisk-arabiske tal i motsetnad til romartal.

Namnet al-Khwarizmi har vore transkribert til norsk på mange måtar. Khwarizm (eller [Khoesem](#)) er eit område i det noverande Usbekistan, og al-Khwarizmi tyder såleis 'khwarizmare' eller 'mannen frå Khwarizm'. Den arabiske bundne artikkelen *al-* kjenner vi att frå andre arabiske lånord som *alkohol*, *albatross* og ikkje minst *algebra*, som stammar frå ein del av tittelen på eit verk av den same al-Khwarizmi. (Opphavleg *al-jabr*, ofte forklart som 'sameining, kombinasjon'.)

Spørsmål og svar 1: *Alports syndrom* eller *Alport syndrom*?

Korleis bør vi skrive det engelske diagnosenamnet *Alport syndrom* på norsk?

Termar som byggjer på eit namn, gjerne etternamn, kan vere vanskelege å skrive, særleg fordi engelske og norske skrivereglar skil lag i slike tilfelle.

Ifølgje norske skrivereglar kan slike termar (kalla *eponym* i språkvitenskapen) skrivast på tre ulike måtar:

- *Alports syndrom* (stor forbokstav og s-genitiv)
- *Alport-syndrom* (stor forbokstav og bindestrek)
- *alportsyndrom* (liten forbokstav og samanskriving)

I *Medisinsk ordbok* og MeSH finn vi *Alports syndrom*, og denne lét til å vere mest utbreidd. Skrivemåten *Alport syndrom* avvik frå skrivereglane og kjem truleg av engelsk påverknad. Kva for ein skrivemåte som er mest vanleg, kan variere frå term til term, jf. *Downs syndrom* og *røntgenstråling*.

Spørsmål og svar 2: Ny betegnelse på *bensinstasjon*

Vi har som kjent mange bensinstasjoner (som jo også selger diesel).

Hva bør vi kalle disse stasjonene når de i fremtiden skal levere andre typer drivstoff (i tillegg til bensin og diesel), for eksempel elektrisitet til batterielektriske biler, hydrogen til kjøretøy med brenselcelle og biogass til busser m.m.? Hva mener dere om *fyllestasjon*, *transportstasjon* eller *energistasjon*?

Språkrådet har registrert at *energistasjon* ser ut til å ha etablert seg som en fellesbetegnelse for virksomheter som selger fossilt drivstoff, biodrivstoff og hydrogen, og som har lademuligheter for elbiler.

Energistasjon er en motivert term som bygger på den velkjente sammensetningen *bensinstasjon*, samtidig som den åpner for alternative energikilder uten å spesifisere dem gjennom det nye forleddet *energi-*. Det må derfor sies å være et godt ord.

Fyllestasjon er «opptatt» siden det er brukt om hydrogenstasjoner, og forleddet er ikke helt motivert, siden man vanligvis ikke bruker verbet *fylle* om lading av elbiler. *Transportstasjon* ser ikke ut til å være i bruk, så det vil neppe være et godt alternativ.

Smakebitar frå termbasar: IATE

Korleis vert omgrepet 'circular economy' definert, og kva er dei svenske og danske termene for omgrepet? Kva er definisjonen av 'crypto currency' og 'block chain'?

I den [fleispråklege termbasen IATE](#) finn du svara. Termbasen tilhøyrrer EUs organisasjonar og har over 1 185 000 termpostar

og over 8 216 000 termar på fleire europeiske språk.

IATE har nettopp fått eit nytt og meir brukarvennleg grensesnitt. Heile eller delar av innhaldet kan lastast ned og gjenbrukt på visse vilkår. Heilt nytt er også API-tilgang til innhaldet.

I basen finn du at 'circular

economy' heiter *cirkulär ekonomi* på svensk og *cirkulær økonomi* og *kredsløbsøkonomi* på dansk. Eit søk i heimlege ressursar som t.d. nb.no syner at vi nyttar både *krinslaupsøkonomi* og *sirkulær økonomi* på norsk.

[Dei to siste omgrepa finn du i IATE-basen.](#)

TERMINOLOGIARRANGEMENT

I Språkrådets kalender finn du komande terminologirelaterte arrangement:

www.sprakradet.no/Vi-og-vart/kurs-og-arrangementer/kalender/

Nokre komande arrangement

6.-7. februar 2019 arrangeres [XXXIX International VAKKI Symposium](#) i Vaasa i Finland. Temaet for symposiet er «Workplace Communication», og et av undertemaene er språk, diskurs og kommunikasjon i akademien.

4. april 2019 blir Språkdagen, Språkrådets årlige dagskonferanse om språk, arrangert i Lille sal i Oslo Konserthus. Tema for Språkdagen er «Tilgang til språk». [Det vil komme mer informasjon på www.sprakradet.no.](#)

6.-7. juni 2019 vert den [13. internasjonale TOTh-konferansen om terminologi og ontologi](#) arrangert i Marseille, Frankrike.

11.-14. juni 2019 er det tid for [Nordterm-dagane i København](#). Tema for konferansen er terminologiens rolle i språkteknologiske applikasjonar som t.d. samtalerobotar og maskinomsetjing.

8.-12. juli 2019 kan du delta på TermNets årlege sommarskole, [International Terminology Summer School 2019](#), i Wien.

TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

Postadresse:
Postboks 1573 Vika
NO-0032 OSLO

Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0118 OSLO

Telefon: 22 54 19 50
Telefaks: 22 54 19 51
E-post: term@sprakradet.no
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMAR
GIR GODT FAGSPRÅK

Språkrådet har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Arbeidet med terminologi er plassert i seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. To rådgjevarar arbeider på området, og dei samarbeider tett med Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. På området skal Språkrådet

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, mellom anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. [Du kan lese meir om *Termlosen* her.](#)